

Osterøy Kommune
Geitaryggen 8
5282 Lonevåg

Behandlande enining:	Saksbehandlar/ telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
	Sigurd Lunde/ 90142080	202358922		03.07.2023

Oversending av protokoll frå oppmålingsforretning mandag 22. mai 2023 - Klarlegging av eksisterende grense (Matr.lovens § 6) - - 3/26 i Osterøy kommune

Oppmålingsforretning vart halden mandag 22. mai 2023 for klarlegging av grense mellom vegeigedom, din eigedom og naboeigedomar. Eigedomsgrensa for din eigedom er kartfesta slik det går fram av protokollen.

Vedlagt fylgjer protokoll frå oppmålingsforretninga.

Dersom du har spørsmål, merknadar eller innvendingar til kart og protokoll ber vi deg ta kontakt med landmålar Sigurd Lunde på telefon 90142080 eller på e-post sigurd.lunde@vlfk.no. Dersom vi ikkje høyrer frå deg innan den 10. august 2023, reknast protokollen som godkjent. Grensene vil bli sendt til kommunen for oppdatering i matrikkelen, som er Noregs offisielle eigedomsregister.

Protokollen vert sendt til Osterøy kommune til orientering.

Med helsing

Sigurd Lunde
Eigedomslandmålar

Likelydande brev sendt til
Osterøy Kommune, Geitaryggen 8, 5282 Lonevåg

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen handskrivne signaturar.

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkelova)

Journalnr
202358922Oppdragsnr
2022/275

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Osterøy kommune	4630	Geitaryggen 8	5282	Lonevåg

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
	3	26	0	0	Vestland Fylkeskommune (Aktuell eier)

Om oppmålingsforretninga			
Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	22.05.2023	12.00	Ved gnr. 3 bnr. 15 og 23

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining			
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring
Klarlegging/innmåling av grenser som vert berørte av vegutbetringa på gnr. 2 til gnr. 4 i Osterøy kommune

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent Vestland Fylkeskommune			Rekvisisjonsdato

Habilitet			
Landmålaren sitt namn Sigurd Lunde			
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.			
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)			

Varsling og oppmøte
Varsalet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).
Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga				
	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
23001	Umerket Nedsatt i: Ikke spesifisert	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent		
23002	Umerket Nedsatt i: Ikke spesifisert	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent		
23003	Bolt Nedsatt i: Jord	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent		
23004	Umerket Nedsatt i: Steingjerde	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent		
23057	Umerket Nedsatt i: Ikke spesifisert	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent		

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering •

Oppmålingsforretninga gjeld klarlegging og kvalitetsheving av eksisterande grense i samband med at det skal byggast gang- og sykkelveg langs Fv. 567.

På matrikkelkartet har gnr. 3 bnr. 26, eigar Vestland fylkeskommune, ein avgrensa teig mellom gnr. 3 bnr. 15 og fylkesvegen, gnr. 3 bnr. 26.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at dette arealet er erverva, siste ervervet frå gnr. 3 bnr. 15 vart utført i 1978, og oppgjørskart frå den gong syner at den nye grensa mot fylkesvegen samsvarer med grensa mellom dei to teigane til gnr. 3 bnr. 26. Den avgrensa teigen til bnr. 26 i matrikkelkartet høyrer derfor til bnr. 15.

Grensene rundt gnr. 3 bnr. 15 og bnr. 23 syner seg også å ligge særers unøyaaktig i kartet, både med bakgrunn i opparbeiding av tomtene og skildringane av desse.

På oppmålingsforretninga vart det påvist hjørne på oppsett gjerdet i grensa mot gnr. 3 bnr. 2 og partane var samde om at dette var i samsvar med eigedomsgrensene, ein var og samde om at ei forlenging av denne linja mot sørvest var grense mellom bnr. 15 på nordvestsida og bnr. 2 på motsatt side.

I grensa mellom gnr. 2 bnr. 2 og gnr. 3 bnr. 15 vart det gjenfunne eit gammalt grensemerke i grensa mot fylkesvegen (gul kule), ein var elles samde om at grensa mellom eigedomane gjekk etter oppsett steingjerde.

Nærare skildring av dei nye grensepunkta:

23001: Umerka punkt i hjørne på fundament for gjerde i grensa mellom gnr. 3 bnr. 2 og gnr. 3 bnr. 23.

23002: Umerka punkt i hjørne på fundament for gjerde i grensa mellom gnr. 3 bnr. 2, bnr. 15 og bnr. 23.

23057: Umerka punkt (berekna) i grensa mellom gnr. 3 bnr. 2, bnr. 15 og bnr. 26. Forlenging av grenselinja mellom 23001 og 23002.

23003: Gjenfunnen bolt (gul kule) i grensa mellom gnr. 2 bnr. 2, gnr. 3 bnr. 15 og bnr. 26.

23004: Umerka punkt midt i steingard mellom gnr. 2 bnr. 2 og gnr. 3 bnr. 15.

På det vedlagde kartet er nymålte grenser merka med raud farge, grenser som er knytta på ganle grensepunkt er merka med blå farge og grenser som går ut (vert fjerna) er vist med svart farge.

Målingane er utført med GNSS-utstyr (GPS) og punkta er innanfor Geodatanormstandarden si grense på 10 cm.

Dersom partane ikkje har merknader til protokollen vil Vestland fylkeskommune sende grensene til Osterøy kommune for matrikelføring. Partane får då klagerett på oppmålingsforretninga samt registreringa i matrikkelen.

Ingen kjenner til at andre har servituttar (rettar) som er berørte av grensene som er handsama.

Landmålar er tilsett i Vestland fylkeskommune men har under oppmålingsforretninga ei nøytral stilling.

Ingen har merknader til habiliteten til landmålar. Landmålar kjenner heller ikkje til til høve som tilseier at han er ugild.

Landmålar er tildelt landmålarbrev, jfr. matrikkelova 38. Landmålar nummer 276.

Vestland fylkeskommune har løyve frå Osterøy kommune til å halde oppmålingsforretninga.

Til stades på oppmålingsforretninga var Audun Småland for gnr. 2 bnr. 2, Vigdis og Øystein Tepstad for gnr. 3 bnr. 2, Stian Jensen for gnr. 3 bnr. 15 og Merete Elgsås for gnr. 3 bnr. 23.

Protokollen vert sendt til partane for merknad.


Sted

Dato

Underskrift

Nordfjordeid

(saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)		Vedlegg		
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmeldokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
X	Kartvedlegg til protokoll			
	Kartvedlegg til protokoll			



X 6713850

Y 305400

Y 305450

X 6713800

X 6713750

2/2

3/15

3/23

3/23

3/2

23003

23004

3/15

3/26

23057

23002

23001

3/26

23052



Vedlegg til protokoll for oppmålingsforretning
Gnr. 2 bnr. 2 og gnr. 3 bnr. 2, 15, 23 og 26 i
Osterøy kommune
03.07.2023
Målestokk 1:500
Vestland fylkeskommune